

Saksframlegg

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 17/9544-13

Mineralråd

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.

Vedlegg:

Innkalling frå Naustdal kommune til konstituerande møte med saksgrunnlag for møtet.

Andre relevante dokument i saka:

1. «Framlegg til oppretting av mineralråd – mandat, organisering og ressursar» (journalpost 17/9544-7).
2. Svar på brev om framlegg til oppretting av mineralråd – mandat, organisering og ressursar (journalpost 17/9544-9).
3. «Framlegg til oppretting av mineralråd – mandat, organisering og ressursar - justert» (journalpost 17/9544-14).

SAKSFRAMSTILLING

Naustdal kommune har, saman med Askvoll kommune, teke initiativ til å skipe eit mineralråd for Sogn og Fjordane. Saka har vore drøfta i fylkeskommunale organ ved fleire høve, seinast i FU 29. mai 2019 og 28. august 2019. Det vart her lagt til grunn at kommunane og næringa har initiativet, og fylkeskommunen vert deltakar om rådet vert skipa - før årsskiftet.

Følgjande vedtak vart fatta i FU-sak 58/19:

«Fylkesutvalet oppmodar Naustdal og Askvoll kommune om å ta initiativet til å etablere eit mineralråd. Fylkesutvalet er innstilte på å oppnemne våre representantar i eit slikt mineralråd. Vi ber om ei sak på økonomisk bidrag frå fylkeskommunen.»

I oppfølginga frå Naustdal kommune er framleis mykje av initiativet retta mot fylkeskommunen. Kommunen har sendt innkalling til konstituerande møte 26. november. Innkalling og underlag til møtet ligg ved saka.

Underlaget omfattar framlegg til reglement. I framlegg til reglement er fylkeskommunen tillagt eit særleg ansvar for rådet, og representasjon er definert ut frå politisk posisjon. Fylkeskommunen har ved fleire høve presisert at fylkeskommunen kan slutte seg til, men ikkje leie og ta ansvar for, eit

mineralråd. Fylkeskommunen bør også på fritt grunnlag kunne peike ut eigen representasjon. Utkast til vedtekter bør difor justerast.

Fylkeskommunen er også utfordra på eit økonomisk bidrag til mineralrådet. I tertialrapport 2/19 er det lagt til rette for at fylkeskommunen kan løyve inntil 1,5 mill. kr.

I og med at mineralrådet er tenkt etablert etter fylkestinget 8. oktober 2019, er det i saka lagt opp til at fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på fylkeskommunal deltaking. Fullmakta bør også gjelde utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag som skissert i tilrådd budsjettrapport pr. 2. tertial 2019. Fylkesrådmannen meiner fylkesutvalet kan gjere eit ev. vedtak om dette i desember, gitt at rådet vert skipa i november.